

VA- rammeplan for reguleringsplan

5061 20210001 Tørsetmarka Vest

Rindal kommune

Mesta.no
Hovedkontor:
Strandveien 15, Lysaker

Postadresse:
Pb. 253, 1326 Lysaker

Tlf: +47 478 05 200

Dato: 04.03.2024

Samandrag

I forbindelse med utbygging av nytt hyttefelt i Tørsetmarka Vest skal det utarbeidast ein overordna VA-rammeplan for området.

Innleiing

Føremål


Føremålet med VA-rammeplan er å leggja overordna føringar for infrastruktur for vatn og avlaup, samt avdekka eventuell overvassproblematikk og trong for sløkkjevatn. Kravet til VA-rammeplan er sett som eit tiltak for å planlegge og prosjektere med omsyn til klimaet. Spesielt med tanke på meit intensiv vind og nedbør. VA-rammeplanen skal leggjast til grunn ved vidare detaljprosjektering som skal godkjennast av kommunen i samband med byggjesøknad.

Bakgrunn

Aukande og tettare utbygging øydelegg dei naturlege avrennings- og fordrøyingsystema for overvatn. Det er difor retta større fokus på handtering av overvatn frå statlege instansar. Med aukande utslepp av klimagassar vil det verta endringar i klimaet i åra fram mot 2100. Miljødirektoratet har utarbeida rapporten «Klima i Norge 2100» som tek føre seg dei klimaendringane som kan førekoma i Noreg dei neste 80 åra. Informasjon basert på denne rapporten tilseier at årsnedbør i snitt vil auka med ca. 18% på landsbasis, styrtregn vil verta kraftigare og koma hyppigare, regnflaumar verta større og koma oftare, snøsmelteflaumar verta færre og mindre og havnivået kjem til å auka med om lag 15- 55 cm. Informasjon frå desse rapportane vert tatt med vidare inn planlegginga av VA- rammeplanen. Ein VA- rammeplan kan bidra til å skapa eit trygt utviklingsområde tidleg i planleggingsfasen. Rammeplanen skal ikkje berre ta føre seg løysingar knytt til vatn og avlaup, men også til overvatn ved auka nedbør, flaum og styrtregn. På denne måten kan ein klare å avdekke farar knytt til vassproblematikk på eit tidleg stadium og utvikle området til å handtere dei problema som vert avdekka.

Skildring av planområdet

Planområdet omfattar eit kupert terreng med noko sprett skog. Terrenget omfattar mykje infiltrerande massar som myr, mose og lyng, men også noko fjell i dagen. Området har avrenning til nedbørsfelt 112.C4B.



Figur 1: Planområdet har avrenning til nedbørsfelt 112.C4B Gryta

Rettleiarar

Generelle retningslinjer

- Plan- og bygningslova
- Teknisk forskrift (TEK17)
- Forskrift om byggesak
- Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplasser «byggherreforskriften»

Vassforsyning

- Lov om vassdrag og grunnvatn (Vassressurslova)
- Forskrift om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg
- Forskrift om vassforsyning og drikkevassanlegg (Drikkevassforskrifta)
- Forskrift om brannførebygging
- Rettleiar til forskrift om brannførebygging
- Forskrift om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgivningen (IK-MAT)
- Lov om kontroll med produkt og forbrukstenester (Produktkontrolllova)

Avlaup

- Forureiningslova
- Forskrift om avgrensing av forureining
- Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova)


Andre relevante retningslinjer

- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)
- Forskrift om utførelse av arbeid
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (Arbeidsmiljølova)
- Forskrifter fra arbeidstilsynet
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Forskrift om miljørettet helsevern
- Kommunens sentralforbunds forslag til anskaffelsesinstruks for kommuner og fylkeskommuner
- Lov om kulturminne
- Veglova
- Vegvesenets handbok N200 (Vegbygging)
- Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg
- VA-jus (Norsk Vann)
- Vann- og avløpsteknikk (lærebok frå Norsk Vann)
- Rindal kommune sin kommunalteknisk VA- norm med vedlegg
- Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Kommuneforlaget AS

Krav til VA-systemet

Rindal kommune har utarbeida ei VA-norm basert på malen til Norsk Vann. VA-norma er lagt til grunn for løysingane i VA-rammeplanen og inneheld tekniske krav som kommunen har vedteke for å sikre teknisk kvalitet med omsyn til overordna målsettingar i planar og rutinar når kommunen skal eige, drive og vedlikehalde anlegget. VA-norma vert lagt til grunn i forbindelse med utbyggingsavtalar i kommunen og legg føringar for prosjektering av nye vatn-, avlaups- og overvassanlegg.

VA-anlegget skal byggast med høg kvalitet for å sikra lang levetid og låge kostnader på drift og vedlikehald. Ved etablering av nye anlegg skal det leggjast vekt på lågt energibruk gjennom heile levetida, som skal vera minst 100 år.



Figur 2: Grøftesnippet som er lagt til grunn i rammeplanen, henta frå Rindal Kommune si VA-norm.

Eksisterande anlegg

Tilgrensande VA-rammeplanar

Det er ingen tilgrensande VA-rammeplanar til planområdet.

Eksisterande vassforsyning

Drikkevatn

Dei eksisterande hyttene i området får stort sett drikkevatnet sitt frå private brønnar, men det er også nokre fellesanlegg.

Sløkkjevatn

Det er ikkje etablert anlegg for sløkkjevatn innanfor området. Sløkkinga er basert på tilkøyrd vatn og pumping frå kringliggande tjern, vatn, elvar og bekkar.

Eksisterande spillvassanlegg

Dei eksisterande hyttene innanfor området har tett tank for svartvatn og liten tank med infiltrasjonsgrøft for gråvatn. Nokre av anlegga er lagt opp til fellesanlegg for ei mindre gruppe hytter.

Eksisterande overvassanlegg

Det er ikkje lagt opp til lukka overvassanlegg innanfor planområdet i dag. Dei eksisterande vegane og hyttene handterer overvatnet lokalt og fører det ut i terreng i opne grøfter.

Prinsipppløysingar

Vassforsyning

Einingane innanfor planområdet skal vera fritidsbustadar. Til dei nye einingane må det etablerast nye vassleidningar.

Drikkevatn for nye einingar

Det vert tatt utgangspunkt i at dei etablerte eigedomane i og i nærleiken av planområdet har tilstrekkeleg vassforsyning slik situasjonen er i dag og at vidare utbygging av planområdet ikkje fører til etablering av vassanlegg til andre enn dei nye einingane. I fyrste omgang vert det lagt vekt på at eksisterande løysing med å etablere private brønnar til hyttene er den beste løysinga for området. Det vil lønna seg å laga til fellesanlegg der det er mogleg. På sikt kan det verta aktuelt å kopla hyttefeltet på vass- og avlaupsleidningane som på skal førast opp til Sjølsvollen/ Grytbakk. Dersom det vert aktuelt med påkopling på kommunalt vassnett i framtida må det etablerast vassleidningar i området i tråd med kommunen si VA-norm under utbygging no. På den måten unngår ein unaudsynte kostnader i framtida med utviding av vassanlegget. Dersom det ikkje vert sett krav til at leidningsnettet skal føra brannvatn er minimumsdimensjonen på vassleidning 100mm.

Brann-/sløkkjevatn


Sidan anlegget i fyste omgang vert etablert som privat vert det ikkje stilt krav til sløkkjevatn. Nye fritidsbustadar må opparbeidast etter brannkrav i gjeldande byggteknisk forskrift. Sløkkjevatn til dei nye bustadane vil basere seg på eigne sløkkingsapparat, pumping av vatn frå bekkar og vatn og tilkøyrd vatn frå det lokale brannvesenet. Dersom det skal leggst opp til at vassnettet skal forsyna brannvatn er minimumsdimensjon på vassleidning 150mm.

Spillvatn

For dei nye hyttene vil det vera lagt opp til lukka anlegg med samling frå fleire eigedomar, slik det er i dag. Trasé for spillvassleidningar er lagt opp til sjølvfall ned til tankar som vert tømt ved behov. Det kan vera andre stadlege forhold som tilseier at sjølvfall ikkje er mogleg, som ikkje er synleg på noverande tidspunkt. Endelege trasear for spillvatn må avklarast i teknisk plan.

Overvatn

Det vert ikkje lagt opp til etablering av nytt lukka overvassystem innanfor planområdet. Terrenget er bratt hallande ned mot elva, Gryta. Elva går i ein djup dal, og har difor god kapasitet til å ta i mot den auka avrenninga som kjem ved utbygging. Ved Gammelseterøyan vil det vera fare for flaum ved ein 200års-flaum, her kan det vera aktuelt med ei flaumvurdering før utbygging kan skje.



Figur 3: Avrenning frå terreng til Gryta